



Molde, 2. juni 2022

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidarkrinsar og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Klage på avgjerdsle om nedgraving av flytebryggjer på Gåsøya

Vi viser til vedtak av Klima- og miljødepartementet datert (KMD) 11.08.2021 på vår klage av 23.06.2020 på løyve til nedgraving av flytebryggjer på Gåsøya.

Vi oppfatter at denne saken er endeleg avgjort i forvaltningen.

Saka vedkjem om det er greitt å grave ned avfall i norsk natur i staden for å levere til gjenvinning/deponi på godkjent mottak. Slik vi oppfatter loven skal det vere sær gode grunnar til å avvike rett fagleg handtering av avfall. Vi meiner at forvaltningen i denne saka har gjort naturen urett ved å ikkje i tilstrekkeleg grad å vurdere rett behandling av avfallet. Vi vil i det følgjande prøve å gjere greie for dette.

FNF Møre og Romsdal har i fleire år fokusert på at det ikkje er greitt å brenne, grave ned eller dumpe avfall i vårt land. Vi har prøvd på fleire måtar å teke tak i denne utfordringa blant anna med å påverke kommunar, interkommunale renovasjonsselskap, brannvesenet, grunneigarar og folket vårt til å finne løysingar for gjere noko med utfordringa. Vi vil her vise spesielt til vår uttale av 30.04.2018 som vi legg ved. Samstundes som vi har teke opp avfallshandteringa på generelt grunnlag har vi fulgt opp enkeltsaker som vi er gjort merksame på gjennom media eller tips frå innbyggjare i fylket. Ei av desse er nedgravinga av avfall beståande av flytebryggjer på Gåsøya.

Den 29 jan. 2020 fekk vi ei bekymringsmelding med bilder tekne 29 jan. 2020 som viste flytebryggjer og anna avfall på Gåsøya som vart gravd ned. Vi varsla difor Miljødirektoratet og Ålesund kommune om denne saka. Slik vi har blitt fortalt forhistoria om desse flytebryggjene er den som følgjer; For om lag 20 år sidan vart det slepa fire flytebryggjer med måla 7,4x2,4x1,1 frå Tøndergård småbåthamn i Molde kommune ut til Gåsøya. Formålet med flytebryggjene var å leggje dei ut som bølgedemparar. I uveir sleit flytebryggjene seg og ei av dei dreiv i land på Sandøya (naboøy i aust) og 3 av dei dreiv i land på Gåsøya i bukta dei no ligg. Slik vi har forstått er kvar einskild flytebryggje bestående av ca 10 cm betong på sidene og topp medan midten består av isopor. Med andre ord utgjør dette om lag 40 kubikk isopor.

Så vart det stille fram til vi vart varsla 15.06.2020 om at ein no fortsatte nedgravinga av flytebryggjene på Gåsøya. Vi sendte difor ein førespurnad den 15 juni 2020 til kommunen/miljødir. om kva som skjedde i saka. Så vart vi gjort merksame på at det hadde vore gitt eit løyve av Miljødirektoratet til gjenvinning (?) av flytebryggjene den 10 juni 2020. Så klaga vi på dette løyvet 23.06.2020. Den 11.08.2021 kom det så ein avgjerdsle frå KMD der vår klage hadde blitt avvist.

Vi meiner at følgjande feil er gjort av forvaltninga i denne saka;

- 1. Klageretten og forvaltningslova.** Vi har i denne saka nytta oss av tipssida til Miljødirektoratet og har ikkje bedt om å vere anonyme slik mange privatpersonar ønskjer. Samstundes har vi tipsa Ålesund kommune om saka. Tipssida til Miljødirektoratet er slikt utforma at den ikkje gir tipsaren moglegheit til å følgje opp si sak. Difor er det heilt tilfeldig av vi vart merksame på løyvet gitt av Miljødirektoratet 10.06.2020 og fekk moglegheita til å klage på vedtaket. Dette var eit av punkta vi viste til i vår klage av 23.06.2020 då vi peika på at det saksbehandlingsfeil at ikkje vi, som tipsaren av saka, var gjort merksame på vedtaket og klagemoglegheita. Vi les i KMD si avgjerdsle av 11.08.2021 at dei ikkje har plikt til varsle dei som ikkje har vore part i førsteinstansvedtaket (jfr forvaltningslova § 27). Dette kan vel ikkje vere i tråd med forvaltningslovas prinsippar då vårt tips av 29.01.2020 er heile grunnlaget for at denne saka kom opp. Vi les i forvaltningslovens § 11. (veiledningsplikt); » *Forvaltningsorganene har innanfor sitt saksområde en alminnelig veiledningsplikt. Formålet med veiledningen skal være å gi parter og andre interesserte adgang til å vareta sitt tarv i bestemte saker på best mulig måte. Omfanget av veiledningen må likevel tilpasses det enkelte forvaltningsorgans situasjon og kapasitet til å påta seg slik virksomhet.* « **Vi meiner at forvaltninga med sitt vedtak 10.06.2020 bryt forvaltningslova sitt prinsipp om klagerett.**
- 2. Grunngevinga og forvaltningslova.** Vi opplever at isopor og anna avfall som ligg ute for vær og vind og blir spreidd for alle vindar og prøver etter beste evne å gjere noko med det så snart som mogleg. Nedgraving/brenning i naturen etc høyrer fortida til. No har vi profesjonelle aktørar som er i stand til å gjennomføre ein rett miljøvenleg handtering av det meste av avfall uansett lokalisering, også nokre flytebryggjer på ei øy på kysten vår. Vi har bede kommunane i fylket på eige intitativ ta tak i alle desse ulovlege søppelplassane og få gjort noko med skrotnissane rundt om i det naturskjønne kongeriket vårt. Hadde desse gamle flytebryggjene vore herrelause hadde vi kunne satt Skjergardstenesta vår på saka, men her har avfallet ein kjent eigar som innrømmer eigarskapet. Det vi først og fremst reagerer på er at når det var mogleg å frakte dette avfallet til Gåsøya og seinere få det på land, så burde det også vere mogleg å få flytebryggjene bort frå øya sjølv om den ikkje er landfast. Så har vi avveginga til KMD som ender opp med at nedgraving på staden er det beste utan å avvege



kva rett handsaming vil medføre. KMD driv avveging av å fortsette ulovlegheita som det er å ha avfallet liggande fritt ute i naturen, opp mot nedgraving og seier at fordelene som følgjer med å grave ned flytebyggjene vekter tyngre enn dei forureiningsmessige ulempene som følgjer med å grave dei ned. Vi hadde forventa at dei alternativa løysingane vart målsatt og tallfesta, for korleis skal vi elles forstå vektinga ? For kor er reknestykkjet i kroner og øre for kva dei ulike alternativa vil koste, det er vel ikkje gratis å grave avfallet ned på staden heller ? For det er jo dette som er realpolitikken – kva kostar det å handtere avfallet slik det lovleg og rett fagleg opp mot det å grave det ned der avfallet måtte drive i land. Slik vi har forstått forvaltningsloven aukar krava til begrunning til eit vedtak jo mer inngripende vedtaket er for parten, og ut frå kor stor betydning det har for parten. **Vi meiner at KMD i sitt vedtak 11.08.2021 bryt § 24 i forvaltningslova ved at vedtaket ikkje er grunnigitt godt nok i høve til dimensjonen dette enkeltvedtaket har på norsk natur.**

Med helsing

Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

koordinator

Vedlegg:

Brev frå FNF Møre og Romsdal av 30.04.2018 om ulovlege søppelplassar

E-post frå FNF Møre og Romsdal av 29.01.2020

E-post frå FNF Møre og Romsdal av 15.06.2020

Løyve frå Miljødirektoratet av 10.06.2020

Klage frå FNF Møre og Romsdal av 23.06.2020

Vedtak i KMD av 11.08.2021